

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.09.2018

### ORIENTERINGAR

Nina Torske, daglig leiar ved Vestnorsk jazzsenter, presenterte Vestnorsk Jazzsenter.

Konstituert fylkesdirektør Kultur og idrett Per Morten Ekerhovd orienterte om innkomne budsjettsoknadar for 2019.

### FRÅSEGN

**Beate Husa (Krf)** sette på vegner av KrF, A og SP frem slikt forslag til fråsegn til Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE):

«Fråsegn: Nasjonal ramme for vindkraft

Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i Hordaland fylkeskommune viser til arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land» som Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) for tida jobbar med.

KIRU respekterer oppdraget NVE har fått, der dei skal gjere ei overordna arealanalyse over kva område som eignar seg best til landbasert vindkraft i Norge. Vi meiner likevel det er unødvendig å bruke ressursar på å analysere område som heilt openbart har så store natur- og friluftsverdiar at det aldri kan bli aktuelt å etablere vindkraftinnstallasjonar der. 80 prosent av friluftsområda i Hordaland fylke er kartlagt og verdsett. NVE bør bruke dette materialet til å trekke ut frå analysearbeidet verdifulle område som har så stor verdi at dei er uaktuelle for vindkraft.

Ein bør merka seg at områda Stølsheimen, Fjonfjella, Kvamskogen, Bergsdalen, Hamagrø samt område kring Hardangerfjorden og Folgefonna nasjonalpark ligg inne i analyseområdet. I tillegg ligg kystsona fra Austevoll til Sveio inne, saman med Etnefjella. KIRU ser på dette som problematisk då desse områda har høg natur- og friluftsverdi.

Hordaland bidrar allereie stort i samband med fornybar energi, kraftproduksjonen i 2017 var 20 TWh. I fylket vårt er 9 av 10 vassdrag utbygd til energiproduksjon. Ein har gitt avkall på store delar av naturen til nytte for felleskapet.

Inngrepa som ein må gjere for å etablere vindkraft på land vil i dei fleste tilfelle være store og skjemmande. Det ligg eit stort ansvar på oss i å sikre at framtidige generasjonar framleis kan få glede av store og gjennomgåande område av uberørt natur.

På generelt grunnlag vil KIRU peike på at vindkraft til havs langt er å foretrekke framfor vindkraft til lands. Utviklinga knytt til flytande innstallasjonar skjer raskt og prisane er sterkt fallande. Vi slepp dei store inngrepa, det er enklare å eksportere, mindre skjemmande og kan vise til langt meir effektiv energiproduksjon. Vi oppmodar storting og regjering til å sjå kraftproduksjonen i ein større heilskap, og at ein lar uberørt natur få ei verdsetting som blir rekna med når kost og nytte skal vurderast.

Vi er kjent med at NVE i innleiande fase av arbeidet med nasjonal ramme skal redusera talet på analyseområde for vindkraft på land vesentlig. Vi vil difor oppmode om at analyseområda i Hordaland blir teken ut av planen.»

**Olav Kvinge (H)** sette frem slikt forslag på vegne av H, Frp og V:

«KIRU avviser uttalen i påvente av administrativt framlegg og høring i 2019»

Forslag frå Husa fekk 7 røystar (KrF, A, SP) og blei vedteke mot Kvinge sitt forslag som fekk 6 røystar (H, Frp, V) og fall.

## Vedtak

### Nasjonal ramme for vindkraft

Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i Hordaland fylkeskommune viser til arbeidet med «Nasjonal ramme for vindkraft på land» som Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) for tida jobbar med.

KIRU respekterer oppdraget NVE har fått, der dei skal gjere ei overordna arealanalyse over kva område som eignar seg best til landbasert vindkraft i Norge. Vi meiner likevel det er unødvendig å bruke ressursar på å analysere område som heilt openbart har så store natur- og friluftsverdiar at det aldri kan bli aktuelt å etablere vindkraftinnstallasjonar der. 80 prosent av friluftsområda i Hordaland fylke er kartlagt og verdsett. NVE bør bruke dette materialet til å trekke ut frå analysearbeidet verdifulle område som har så stor verdi at dei er uaktuelle for vindkraft.

Ein bør merka seg at områda Stølsheimen, Fjonnfjella, Kvamskogen, Bergsdalen, Hamlagrø samt område kring Hardangerfjorden og Folgefonna nasjonalpark ligg inne i analyseområdet. I tillegg ligg kystsona fra Austevoll til Sveio inne, saman med Etnefjella. KIRU ser på dette som problematisk då desse områda har høg natur- og friluftsverdi.

Hordaland bidrar allereie stort i samband med fornybar energi, kraftproduksjonen i 2017 var 20 TWh. I fylket vårt er 9 av 10 vassdrag utbygd til energiproduksjon. Ein har gitt avkall på store delar av naturen til nytte for felleskapet.

Inngrepa som ein må gjere for å etablere vindkraft på land vil i dei fleste tilfelle være store og skjemmande. Det ligg eit stort ansvar på oss i å sikre at framtidige generasjonar framleis kan få glede av store og gjennomgåande område av uberørt natur.

På generelt grunnlag vil KIRU peike på at vindkraft til havs langt er å foretrekke framfor vindkraft til lands. Utviklinga knytt til flytande innstallasjonar skjer raskt og prisane er sterkt fallande. Vi slepp dei store inngrepa, det er enklare å eksportere, mindre skjemmande og kan vise til langt meir effektiv energiproduksjon. Vi oppmodar storting og regjering til å sjå kraftproduksjonen i ein større heilskap, og at ein lar uberørt natur få ei verdsetting som blir rekna med når kost og nytte skal vurderast.

Vi er kjent med at NVE i innleiande fase av arbeidet med nasjonal ramme skal redusera talet på analyseområde for vindkraft på land vesentlig. Vi vil difor oppmode om at analyseområda i Hordaland blir teken ut av planen.